

Eventuell ny modell for forvaltning av verneområde på Hardangervidda - drøfting i HG-styret.

Bakgrunnen for drøfting som nemnt (og dette notatet) er det som er sagt i Regjeringsfråsegna: Ein vil få i gang ei prøveordning med grunneigarstyrd forvaltning av verneområde.

På overordna nivå stend saka slik: Miljøverndepartementet har tilskrive Lovavdelinga i Justisdepartementet (4.6.) for å få klarlagt om det er juridiske vanskar for ein slik forvaltingsmodell. Kva tid konklusjon derifrå ligg føre er uvisst.

Personleg hadde eg helst sett at ein avventa konklusjon frå Justis før me gjekk inn i konkrete drøftingar på brukarsida.

Så er det då slik at i samband med eit anna møte på Geilo den 22. oktober har Vebjørn Håvardrud, leiar i FH, teke initiativ til at HG, FH og Ordførarutvalet skal møtast og drøfte eventuell ny forvaltingsmodell. Difor ei drøfting pr tlf, og oppsummering i form av dette notatet.

Eg trur likevel ikkje det er tenleg å gjera noko konkret vedtak der ein bind seg til det eine eller hitt. Når det eventuelt kjem noko konkret frå Miljødept., fær me vudere det der og då.

I "grunneigarstyrd" vågar eg leggje at HG og FH skal velje fleirtalet av representantane i TU/Styret, anten det no er fylkesvis og eitt samla. Personleg ser eg **eitt** Styre som mest tenleg, for å sikre lik praksis innan heile verneområdet. Det har det skorta ein del på. Eg er òg tvilande til om Miljødt. vil akseptere ei prøveordning i tri fylke, men det er sjølv sagt uvisst.

Forvaltingsmodellen er i og for seg ikkje noko stort poeng i seg sjølv, slik eg ser det. Det sentrale er kva slag vedtak som blir gjorde. Dersom FH og HG vel fleirtalet i eit sams Styre/TU, må me tru at me greier å velje folk som gjer vituge vedtak.

Så til dei synsmåtar som er framkomne i denne drøftingsrunden, og då konkret om eitt eller tri TU/Styre:

Personleg vil eg gange så langt at eitt styre er det mest tenlege, om det så er som no, valt av kommunestyra.

Eg oppfattar Robert i Tinn som at han langt på veg følgjer meg i det, og i alle fall at eitt styre der fleirtalet er valt av HG og FH er langt betre enn slik det er i dag.

Per Helge (Ullensvang) seier at han er godt nøgd med stoda i dag, men at han kan akseptere eit sams styre der fleirtalet er valt av HG og FH.

Torgils (Odda) sluttar seg til dette.

Anve (Eidfjord) og Stein (Hol) oppfattar eg slik at dei stend ein stad mellom meg og Robert på eine sida og Per Helge/Torgils på hi.,

Odd Gunnar (Nore og Uvdal) meiner derimot at det framleis må vera fylkesvise TU.

Rauland, 14. 10.2014

Johan